

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 5 2023

Tidspunkt: 7. september 2023, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Langes gate 1-3

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 14. juni

Protokollen er sendt ut.

III Eventuelle tilbakemeldingar frå programstyreleiar

Drøftingssak

Sak 40/23 Redesign
Notat frå lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 41/23 Studiestart for lektorutdanninga
Notat frå lektorsenteret

Sak 42/23 Opptakstal og studenttal 2023
Notat frå lektorsenteret

Sak 43/23 Semesterplan for vårsemesteret 2024
Notat frå lektorsenteret

Sak 44/23 Endring i rammeplan for lærarutdanningane
Munnleg orientering

Sak 45/23 NOU 2023:19 *Læring, hvor ble det av deg i alt mylderet? – Bruk av elev- og studentdata for å fremme læring*
Munnleg orientering

Sak 46/23 Nasjonal lektorutdanningskonferanse
Munnleg orientering

Sak 47/23 Forskingsdagen 2023
Munnleg orientering

Sak 48/23 Nytt frå praksisutvalet
Notat frå lektorsenteret

Sak 49/23 Ny studieforskrift ved UiB
Notat frå lektorsenteret

Sak 50/23 Eventuelt

Sak 40/23 Redesign

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

I løpet av haustsemesteret skal mykje på plass i redesignarbeidet. Studieplanar, emneplanar og praksisopplegg skal gå gjennom vedtaksprosessar på institutt, i programleiing og programstyret. For å få til vedtak, må planar og opplegg bli ferdigstilte. Denne ferdigstillingsprosessen er vi no inne i. Her er det framleis utviklingsarbeid som står igjen i fagmiljøa, både når det gjeld disiplinfagemne, praksisemne og profesjonsfagemne. Du finn oppdatert tidsplan på denne nettsida: <https://www.uib.no/lektorsenteret/151298/redesign-av-lektorutdanninga#2023>.

På programstyremøte legg vi opp til å drøfte status for redesignarbeidet, ulike aktivitetar og tiltak som er aktuelle, og framdrift i høve til tidsplanen. Særleg aktuelt vil det vere å gå gjennom seminaret 5. september.

I dokumentet er det her nemnt nokre aktuelle problemstillingar:

Praksis:

- Det blir arrangert seminar om praksis og profesjonsfag 5. september. Fokus vil her vere på samanheng og progresjon i studieløpet som heilskap, og korleis studenten kan få oppleve det. Spørsmål knytte til innplassering og innhald i ulike praksisformer blir teke opp. Også spørsmålet om korleis fagdidaktikk/pedagogikk skal bli kopla til praksis og kvarandre, blir handsama i den samanhengen. Målet er å få ei avklaring både både når det gjeld status og prosessen vidare. Det blir gitt gruppeoppgåver, og innspel i gruppediskusjonane blir refererte.

- Praksisutvalet har fått oppgåve frå prosjektgruppa for redesign om å utforme framlegg til innhald og design av dei fire praksisperiodane og dei ti kampusbaserte dagane. Det arbeidet skal skje i dialog med og samarbeid med relevante aktørar (jf. seminaret og eige vedlegg).

Dei konkrete oppgåvene er:

- Utarbeide framlegg til emneomtale/emneplan av dei to praksisemna for langpraksis.
- Utarbeide framlegg til innhald og omtale av første og andre kortpraksisperiode, der den første omtalen skal innlemmast i pedagogikkemnet i første semester og den andre skal innlemmast i fagdidaktikkemna i tredje semester.
- Definere tidsperiodar/tidspunkt i semestera for kortpraksis og langpraksis, dvs. i 1., 3., 5. og 8. semester. Tidspunkta må sjåast i samband med dei andre faglege aktivitetane som studentane har i semesteret og med skulane sin logistikk (til dømes mottak av studentar frå PPU).

- Planleggje læringsmål/læringsutbyte og innhald i dei ti felles profesjonsdagane, og kome med framlegg til desse dagane si innplassering i lektorutdanninga, t.d. om dagane skal organiserast som eigne emne, om dei skal vere del av praksisemna eller evt. andre emne.

Det er gitt bakgrunnsinformasjon og premisser for dette arbeidet som i følgje oppdragsbrevet skal vere avslutta seinast 1. november, slik at programstyret kan ta stilling til redesignspørsmålet i sin heilskap i desembermøtet.

Profesjonsfag

- Det må generelt lagast nye emneplanar for pedagogikk og fagdidaktikk.
- I emneplanane må fagmiljøa integrere kompetansemål og opplegg for kortpraksis i høve til dei overordna retningslinjene for kortpraksis.
- Det må lagast felles retningslinjer for korleis ein skal gi innslag for bidrag frå *det andre faget* i fagdidaktikkemna i femte semester og åttande semester (frå fag I i femte semester og frå fag II i åttande semester).
- Det er behov for å avklare spørsmålet om samdrift av fagdidaktikkemne. Eitt aspekt dreier seg om samdrift mellom fagdidaktikkemne i lektorutdanning og PPU. Eit anna aspekt dreier seg om samdrift mellom fagdidaktikk i fag I og fag II i tredje og femte semester for HF/SV. Motivet for samdrift er primært ressursmessige, men for nokre fag med få studentar er det òg andre motiv som ligg til grunn. Her er det samtidig fleire faglege og logiske problemstillingar som melder seg, og utfordringane er truleg ulike mellom faga. Spørsmålet vart diskutert på profesjonfagseminaret i juni 2023, og det er behov for statusoversikt. Generelt framstår samdrift mellom fagdidaktikkemne på tredje og femte semester ved HF/SV som svært utfordrande.

Disiplinfag

- Dei disiplinaglege miljøa har ansvar for å lage nye emneplanar i samsvar med vedtak og premisser i redesignarbeidet.

Studieplanar

- Vi må ha ein samla gjennomgang av studieplanar med tanke på mål og innhald (samanheng og progresjon)
- Studieplanane må bli oppdaterte i høve til vedtak om studieløp og teknisk informasjon

Overgangsordningar

Så snart vi har meir oversikt over status, vil det bli utarbeidd ei utgreiing om overgangsordningar for perioden med gammal og ny modell i lektorutdanninga, dvs. for hausten 2024–våren 2028. Overgangsordningane har økonomiske aspekt ved seg.

Hausten 2023: Utvikling og ferdigstilling av emne, studieplanar og praksisordning

Mål: Utvikling og ferdigstilling av emne og studieplanar, handsaming på institutt og programleiing

- 5. september: seminar om praksis og profesjonsfag i ny modell.
- Utgreiing av overgangsordningar for perioden med både gammal og ny modell (haust 2024–vår 2028).
- Oppdatere tekstar til studentrekruttering, planleggje rekrutteringskampanjer
- 1. november: frist for utvikling av profesjonsfagemne, praksis og disiplin fagemne.
- 1. desember: frist for vedtak ved institutt/lokal programleiing for emneplanar og studieplanar.
- 1. desember: frist for innsending av studieplanar til handsaming i felles programstyre.

Våren 2024: Formelle vedtak og implementering av nytt studiedesign

Mål: Førebu organisasjonen på nytt design av lektorutdanning

- Handsaming av studieplanar for lektorprogramma i felles programstyre januar 2024
- Handsaming av nye studieplanar i fakultetsstyra, evt delegerte organ, februar-mars 2024
- Orientering i utdanningsutvalget
- Publisering av vedtatte studieplanar innan 1. april (fakulteta)
- Utlysing og rekrutteringsarbeid
- Førebuing av haustsemesteret med opptak og undervisning etter nye studieplanar.

Hausten 2024: Implementering

Mål: Nye lektorstudentar startar med nye studieplanar

- Nye studentar startar etter ny studieplan



UNIVERSITETET I BERGEN

Lektorsenteret

Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Sosiologisk institutt
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet
Matematisk institutt
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for fremmedspråk
Det humanistiske fakultet
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Det psykologiske fakultet
Institutt for pedagogikk

Referanse

2022/2420-RAL

Dato

27.06.2023

Arbeid med profesjonsemnene i ny modell av lektorutdanningen - oppsummering fra seminar 6. juni

Den 6. juni vart det arrangert heildagsseminar om studieprogramkart i lektorutdanninga. Invitasjon med informasjon om seminaret vart sendt på e-post og brev i ephorte. Hovudmålgruppa for seminaret var vitskapleg tilsette med fagleg ansvar/arbeidsoppgåver på pedagogikk- og didaktikkemne i lektorutdanninga, fagleg leiar for praksis, prosjektgruppa for redesign-arbeidet, studentrepresentantar (FIL), praksisadministrasjonen ved lektorsenteret og administrative koordinatorar ved fakulteta.

Fokuset var på fagdidaktikk og pedagogikk. Målet for seminaret var å sikre framdrift i den faglege utviklinga av lektorprogramma, med eit særleg blick på studieplanar og emnebeskrivingar for fagdidaktikk og pedagogikk. I tillegg var formålet å fremje heilskap, samanheng og progresjon mellom dei ulike delane av lektorutdanninga og skape ein arena for informasjonsutveksling (status) og samarbeid i prosessen (samdrift).

Første delen av seminaret inneheldt statusrapportar frå kvart program. I den andre delen var det gruppearbeid med gjennomgang av spørsmål. Spørsmålet om sambruk av fagdidaktikkemne var særleg aktuelt grunna ressursituasjonen. På seminaret vart faglege og logistiske utfordringar ved eventuell samdrift drøfta.

Gjennom gruppearbeidet (oppsummering er vedlagt) og drøftingar i plenum, kom det fram ulike avklåringar og behov for vidare arbeid. Dette er oppsummert i dokumentet. Vi håper at oppsummeringa kan vere nyttig for det pågåande redesignarbeidet i ulike fagmiljø, og for den generelle informasjonsflyten i prosessen.

Oppsummeringar frå seminaret

Pedagogikken

- Det er semje om at progresjonen i pedagogikk fungerer godt og at ein kan byggje dei nye emna på den eksisterande strukturen, ved å slå saman innhaldet i PEDA121 og PEDA122 til eit felles emne på 10 stp.
- Pedagogikk bør ha eit særleg ansvar for at studentane kan identifisere særlege behov hos elevane, og for korleis skulen kan etablere samarbeid med andre for å hjelpe barn og unge i vanskelege livssituasjonar.
- Læringsutbytemål for pedagogikk bør inn i alle studieprogram for lektorutdanninga.
- Eventuelle fou-oppgåver i pedagogikkemna som studentane skal arbeide med i praksisopphalda må sjåast i samanheng med tilsvarande oppgåver frå fagdidaktikk. Dei bør ikkje få oppgåver frå begge sider samtidig.
- Vurderingsformer i pedagogikkemna må sjåast i samanheng med fagdidaktikkemna slik at arbeidsomfanget samla sett er tilpassa.

Fagdidaktikken

- Det skal for HF og SV vere obligatoriske kompetansemål og møtepunkt knytt til det andre fagdidaktikkemnet i fagdidaktikkursa i 5. og 8. semester. Det betyr at det skal vere noko undervisning i fagdidaktikk i fag I i fagdidaktikkemnet i 5. semester og i fagdidaktikk i fag II i 8. semester. For at dette skal la seg gjennomføre, må det vere *ein* felles dag for alle program på HF og SV. Redesign-prosjektet må ta initiativ til å finne ei løysing på korleis ein slik dag kan timeplanleggjast.
- Fagdidaktikkemna bør ha mest mogleg felles opplegg for obligatorisk oppmøte (seminar, grupperundervisning, aktive undervisningssituasjonar). I fagdidaktikken er oppmøte viktig for at ein skal bli kjent med studentane slik at ein kan vurdere om studentane er skikka eller eigna, møte dei i praksis, sikre grunnlaget for fagleg vurdering og god rettleiing.

- Det er ulike utfordringar og behov knytt til samdrift

- o mellom didaktikkemna i 5LU og PPU
- o mellom didaktikkemna i 3. og 5. semester av 5LU

Dersom ein må og kan ha samdrift av fagdidaktikkemne (pga. små studentgrupper) må ein ta omsyn til

- o at 5LU-studentar tidleg i løpet ikkje vil ha same faglege grunnlag som PPU-studentar med master
- o at det er svært krevjande kollisjonsmatriser mellom 3. og 5. semester, og at samdrift her neppe vil gå for fag med mange studentar og fagkombinasjonar. Her må studieadm. på fakulteta koplast på i utviklingsfasen for å sikre gjennomførbare løysingar, og dei må sjå på kollisjonsmatriser. Redesign-prosjektet bør ta initiativ til eit slikt arbeid i samarbeid med fakulteta.
- o at PPU-emna er på 7,5 sp medan 5LU-emna skal er på 10 sp.
- o at for ein del fag er det store skilnader mellom faget i ungdomsskulen og faget i vidaregåande skule

Praksis

- Fagleg ansvar for første kortpraksis ligger hos pedagogikk, medan fagleg ansvar for kortpraksis i tredje semester blir gitt til fagdidaktikk. LUB-ar og aktivitetskrav i tredje kortpraksis må samtidig vere generiske og så like som mogleg på tvers av studieretningane, med tanke på progresjon, heilskap og samanheng. Programstyret har overordna ansvar for koordinering. Praksisutvalet utarbeider framlegg til læringsutbytte og organisering.
- Omtale og opplegg for kortpraksis i 1. og 3. semester skal leggjast inn i emneplanen for høvesvis pedagogikkemnet i 1. semester og didaktikkemna i 3. semester.
- For- og etterarbeid til kortpraksis skal timeplanleggjast i didaktikk- og pedagogikkemna.
- Samarbeid og koordinering mellom didaktikk og pedagogikk når det gjelder fagaktivitetar undervegs i praksis, bl.a. for å unngå «kannibalisering» av praksis.

Generelle tiltak

- Samarbeidet mellom pedagogikk og didaktikk kan sikrast med
 - o Felles arenaer, til dømes årlege eller halvårlege samlingar
 - o Planleggingsdagar i samband med praksis
 - o Studieprogramkarta som er utarbeidde til profesjonsfagseminaret bør brukast aktivt framover og vere tilgjengelege for miljøa i lektorutdanninga.

Vidare arbeid

- o Redesign-prosjektet tar initiativ til samarbeid med fakulteta om kollisjonsmatriser i samband med samkjøring av didaktikkemne (PPU og 5LU, 3. og 5. semester 5LU) og om praktisk organisering av miniseminar i didaktikk i 5. og 8. semester.
- o Ressursar. Fakulteta må ha dialog med sine fagmiljø og bli einige om løysingar på ressurs spørsmål knytt til samdrift eller ikkje samdrift av didaktikkemne og av emne i fag 1 mellom 3. og 5.semester. Redesign-prosjektet har dialog med fakultetsleiinga.
- o Seminar om praksis og profesjonsfag i ny modell av lektorutdanningen:5. september

Oppdatert tidsplan for redesign-prosessen (også vedlagt):

<https://www.uib.no/lektorsenteret/151298/redesign-av-lektorutdanninga#2023>

Venleg helsing

Endre Brunstad
Fagleg leiar

Ranveig Lote
seksjonssjef

Sak 41/23 Studiestart for lektorutdanninga

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

Studiestart 2023

Felles velkomst- og informasjonsmøte

For første gang vart det i år arrangert eit felles velkomst- og orienteringsmøte for alle nye lektorstudentar. Det var lektorsenteret som arrangerte møtet, som fann stad i Egget måndag 14.08 kl. 12.00 – 12.45. Arrangementet vart planlagt i samarbeid med lektorutdanningsfakulteta og inngjekk i programmet til lektorstudentane sine mentorgrupper.

Målsettinga med møtet var todelt. For det første var det ønskeleg å samle alle nye lektorstudentar for at dei skulle få sjå kor mange dei var og for å kunne legge grunnlag for ei felles profesjonsidentitet på eit tidleg tidspunkt. For det andre kunne eit slikt møte innehalde informasjon om det som var felles for alle lektorprogramma, informasjon som tidlegare hadde blitt gitt i program møta. Dette ville og frigjere tid for dei som no kunne gi informasjonen ein gong i staden for fem gonger.

Prorektor, Pinar Heggernes, hadde takka ja til å delta og programmet på 45 min. såg slik ut:

- Velkommen v/prorektor, Pinar Heggernes
- Om lektorutdanning og lektoryrket v/leiar for lektorsenteret, Endre Brunstad
- Om å vere lektorstudent v/lektorstudent Emilie Kampen Kolberg
- Pedagogikk i lektorutdanninga v/førsteamanuensis Dag Roness
- Praksis i lektorutdanninga v/praksiskoordinator Hege Ekeland

Det var om lag 150 studentar som møtte og tilbakemeldingar frå studentar, mentorar og administrative har vert gode.

Mentorbesøk til lektorsenteret

Dagen etter, tysdag 15.08, var det planlagt for mentorbesøk til lektorsenteret. Det var sju mentorgrupper som fekk nærare informasjon om lektorsenteret si rolle i utdanninga og om FIL sitt arbeid. Til slutt skulle studentane skrive ned 3 punkt om kva dei såg fram til som lektorstudent, og alle lappane vart hengt opp. I praksis, fagll stor grad krinsa svara om dei same momenta som vart nemnde på tilsvarande arrangement i fjor. Det handla om det sosiale (bli kjende med nye medstudentar) og praksis, i tillegg til fagleg kunnskap og generell livsmeistring. I tillegg vart pedagogikk nemnt av fleire.

Onsdag 16.08 var det PPU-studentane som var invitert på besøk til lektorsenteret. Det var berre 11 av ca. 50 som møtte. PPU-studentane har ikkje tilbod om mentorgrupper, men vart invitert til å komme til lektorsenteret på to ulike tidspunkt onsdag 16.08.

Program møter

Ute på fakulteta blei det organisert for program møter.

- SV hadde sitt program møte måndag 14.08 før rektor sin velkomst. Dei ynskjer å endre på tidspunktet til neste år.

- MN hadde program møte på onsdagen 16.08. Pga. at noko av informasjonen var flytta til fellesmøtet på måndagen var programmet litt kortare og fungerte fint.
- HF hadde sine tre program møter på torsdagen 17.08. Her deltok også disiplinrepresentantar.

Studiestart 2024

Lektorsenteret vurderer det som hensiktsmessig å vidareføre arrangementa «*Felles velkomst- og informasjonsmøte*» og «*Mentorbesøk til lektorsenteret*» til neste år. Saman med fakulteta og lektorutdanningsadministrasjonen (LUA) vil lektorsenteret starte planlegging og koordinering på eit tidlegare tidspunkt for å få ein best mogleg flyt og samanheng i både innhald og rekkefølge. T.d. er det ynskjeleg å gjennomføre fellesmøtet rett etter rektor sin velkomst og ev. prøve å få gjennomført alle program møta på same dag.

Sak 42/23 Opptakstal og studenttal 2023

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

Tala viser at tal på søkarar til både 5-årig lektorutdanning (5LU) og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) har gått ned frå i fjor.

Trass i nedgang i søkartal har tal på registrerte studentar gått opp i enkelte fag.

5LU

- For lektorprogrammet ved AHKR med historie som fag, har talet på registrerte studentar auka med 12 sidan i fjor, og er i 2023 på 22 fleire studentar enn studie plassane skulle tilseie. Historie er faget med flest registrerte studentar av alle faga på 5LU. På den andre sida har religionsvitenskap 12 færre registrert studentar enn i fjor.
- For lektorprogrammet i framandspråk har engelsk rimeleg gode søknads- og opptakstal, medan tysk, fransk og spansk har rekrutteringsutfordringar.
- Lektorprogrammet i nordisk har nedgang med berre 13 nye studentar i 2023.
- Lektorprogrammet ved MN har fått auka sitt tal på registrerte studentar frå i fjor med 3 studentar.
- Lektorprogrammet i sosiologi har 3 færre registrerte studentar enn i fjor.

Tabellen under viser informasjon om tal på studie plassar, søkarar og registrerte studentar på alle 5LU-programma og PPU ved UiB dei siste 5 åra. Tabellen viser ikkje informasjon om ev. ventelister.

Opptaks- studieprogram	Studie plassar				Kval. førsteprisøkarar				Tilbod				Møtt			
	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023
LUHF	125	134	134	118	211	140	186	130	244	227	243	191	162	126	139	111
LUHF, engelsk	21	24	24	24	49	39	61	36	45	59	75	55	28	31	48	32
LUHF, fransk	4	4	4	4	4	1	1	1	6	2	2	0	4	1	1	1
LUHF, spansk	10	10	10	7	11	9	7	3	19	14	11	8	16	10	7	3
LUHF, tysk	4	4	4	4	2	3	1	2	4	5	5	2	2	5	1	2
LUHF, historie	25	28	28	28	66	49	85	68	53	55	76	91	32	29	38	50
LUHF, rel.vit.	25	25	25	22	35	10	12	6	54	42	46	16	40	19	22	10
LUHF, nordisk	36	39	39	29	44	29	19	14	63	50	28	19	40	31	22	13
LUMN	40	40	40	40	43	40	44	34	59	51	63	52	38	31	35	38
LUSV		17	17	17		98	74	41		61	40	47		37	25	22
5LU total	165	191	191	175	254	278	304	205	303	339	346	290	200	194	199	166
PPU total	135	189	143	112	205	218	174	111	319	320	252	179	126	114	81	61

Tala er henta frå Tableau

Tala i kolonnane for tilbud og møtt støtter opp om fakulteta sin praksis med, til dels kraftig, overbooking til enkeltfag.

PPU

- Ved PPU er det didaktikkfaga biologi, kjemi og naturfagkombinasjonen som har fått auka tal på registrerte studentar samanlikna med i fjor.
- Norsk har like mange registrerte studentar i år som i fjor medan dei resterande didaktikkfaga har fått færre møtt enn i fjor.
- Ingen møtte i faga fransk, fysikk, norsk som andrespråk og tysk.
- Trass i 7 færre studentar enn i fjor er det historie som er didaktikkfaget med flest møtt studentar.
- Geofag hadde sitt siste opptak i fjor medan didaktikktilbodet i geografi, IT-fag og medievitenskap vart lagt ned for to år sidan.

Tabellen under viser informasjon om tal på søkarar og registrerte studentar på PPU, fordelt på fag, dei siste fem åra.

PPU - Opptaksstudieprogram	Kvalifisert førsteprisøkearar					Tilbud			Møtt				
	2019	2020	2021	2022	2023	2021	2022	2023	2019	2020	2021	2022	2023
Biologi (tofagsmod.)	6	4	8	4	6	10	6	8	2	2	3	1	5
Engelsk	16	13	12	17	12	17	24	22	9	11	4	12	10
Filosofi (tofagsmod.)	2	5	5	6	4	9	9	6	1	3	4	4	3
Fransk	3	0	2	2	2	3	4	2	6	0	1	1	0
Fysikk (tofagsmod.)	2	3	7	5	1	9	9	3	1	1	5	1	0
Geofag (kun tofagsmod.)	7	2	5	0		10	1		3	0	3	0	
Geografi (tofagsmod.)	1	1	1			3			3	2	1		
Historie	30	30	30	33	23	42	43	30	15	26	16	18	11
IT-fag (tofagsmod.)	0	0	0			0			0	0	0		
Kjemi (tofagsmod.)	3	8	12	3	3	15	5	6	0	7	7	1	3
Matematikk (tofagsmod.)	18	23	18	11	2	29	16	4	5	9	11	4	1
Medievit. (tofagsmod.)	7	0	0			4			4	2	1		
Naturfagkomb. (tofagsmod.)	1	1	0	0	2	15	6	9	4	5	7	2	5
Norsk	8	8	13	14	9	15	16	12	5	7	6	5	5
Norsk som andrespråk	4	0	2	3	1	2	5	1	5	1	2	1	0
Psykologi	16	30	35	23	16	39	29	23	7	8	10	7	6
Rel.vit. (tofagsmod.)	3	1	2	2	1	12	17	8	6	13	8	9	3
Samfunnskunnskap	23	60	53	39	24	69	50	38	12	19	16	11	8
Spansk	8	12	8	6	3	11	8	4	6	7	6	3	1
Tysk	2	4	5	3	2	6	4	3	1	3	3	1	0
Total	160	205	218	171	111	320	252	179	95	126	114	81	61*

Tala er henta i frå Tableau og Det psykologiske fakultet

* PPU-tala inkluderer alle fag/søknadsalternativ dei har takka ja til = både eitt og to fag. Det reelle talet på registrerte studentar er 38.

Sak 43/23 Semesterplan for vårsemesteret 2024

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

Bakgrunn

Kvart semester blir det utarbeida ein plan med sentrale tidspunkt for både praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og 5-årig lektorutdanninga (5LU). Arbeidet skjer i samarbeid lektorutdanningsadministrasjonen (LUA) og det er både faglege og administrativt tilsette i dei nemnde utdanningane som har spelt inn sine datoar for ulike aktivitetar i det gjeldande semesteret.

Hensikten med semesterplanen er å samle informasjonen om praksis, pedagogikk og didaktikkemne og å dele informasjonen med alle einingar som er involvert i planlegging av undervisning og vurdering i 5LU og PPU. På denne måten blir semesterplanen eit viktig verktøy for resten av timeplanlegginga og planlegginga av vurderingstidspunkt i lektorutdanninga for å unngå kollisjonar.

Semesterplanen angjev tidspunkt for:

- Praksisperiodane for lektorstudentane på både 5LU og PPU
- Undervisningstidspunkt for pedagogikkemna i 5LU og PPU
- Tidspunkt for temaseminar for 5LU (ulikt mellom MN og HF/SV)
- Eksamensperiodar og innleveringsfristar i pedagogikk-emne for 5LU
- Eksamensperiodar og innleveringsfristar i pedagogikk- og didaktikkemne for PPU

Betre koordinering og informasjonsflyt

For å betre koordineringa og informasjonsutvekslinga mellom dei involverte fakulteta gjennomførte lektorsenteret møte med alle lektorutdanningsfakulteta i februar 2023. Målet med møta: informasjonsdeling, avklaring av roller, rutinar og verktøy/tiltak som kan bidra til betre kvalitet i timeplanar og vurderingsplanlegging for lektorstudentane. Studieavdelinga deltok også på møta. Dei bidrog med teknisk og praktisk kompetanse i timeplan- og eksamensplanleggingsverktøyet TP.

Møta vart positivt motteke og har ført til ei betre og felles forståing for kva semesterplanen viser og korleis den skal brukast som verktøy. Møta har og ført til semje om enkelte rutinar og køyrereglar for vurderings- og undervisningsplanlegginga for lektorutdanninga. Desse handlar bl.a. om bruk av TP i planlegginga, rekkefølge for planlegging av vurderingsdatoar og dømer på tiltak det kan leggst til rette for dersom kollisjonar er uunngåeleg.

For å følgje opp arbeidet frå førre semester har lektorsenteret invitert administrative frå alle lektorutdanningsfakulteta til møte den 31. august. Her vil lektorsenteret gå igjennom semesterplanen for våren 2024 og høyre om erfaringane frå førre semesterplanlegging. Møtet vil gi og rom for både spørsmål og innspel til å kunne betre koordineringa og informasjonsflyten ytterlegare.

Semesterplan for våren 2024

Semesterplanen for våren 2024 er utarbeida av lektorsenteret i samarbeid med LUA og både faglege og administrativt tilsette i 5LU og PPU har spelt inn sine datoar for dei ulike aktivitetane. Semesterplanen blir lagt fram for felles programstyre til orientering. Semesterplanen er lag ved saksutgreiinga.

Semesterplan lektorutdanningen vår 2024

[KALENDER 2024](#)

Det humanistiske fakultet: HF

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet: MN

Femårig lektorutdanning: 5LU

Det psykologiske fakultet: PF

Det samfunnsvitenskapelige fakultet: SV

Praktisk-pedagogisk utdanning: PPU

1. Hvordan bruke semesterplanen for lektorutdanningen

Semesterplanen angir tidspunkt for:

- Praksisperiodene for lektorstudentene på både den integrerte lektorutdanningen (5LU) og den praktisk-pedagogiske utdanningen (PPU)
- Undervisningstidspunkt for pedagogikkemner i 5LU og PPU
- Tidspunkt for temaseminar for 5LU (ulikt mellom MN og HF/SV). Temaseminarene er obligatoriske heldagsseminar knyttet til praksis.
- Eksamensperioder og innleveringsfrister i pedagogikk-emner for 5LU
- Eksamensperioder og innleveringsfrister i pedagogikk- og didaktikk-emner for PPU

Hensikten med semesterplanen er å samle informasjonen om praksis, pedagogikk og didaktikkemner og å dele informasjonen med enheter som er involvert i planlegging av undervisning og vurdering i hhv 5LU og PPU.

Emnene som inngår i PPU og lektorutdanning og som skal tas parallelt med PEDA-emner og praksis, må unngå å legge undervisning eller vurdering på tidspunktene for praksis og PEDA-emner. I semestrene med langpraksis vil det for noen fag være undervisning i praksisperiodene. Når dette forekommer, må studentene det gjelder få tydelig informasjon om dette i forkant og hvordan det tilrettelegges for dem (f.eks. videoopptak el.a.)

Hvilke hensyn bør didaktikk-, pedagogikk- og disiplinmiljøene ta til disse tidspunktene:

- Det skal ikke legges innleveringsfrister for lektorstudenter til praksisperiodene (eller første skoledag etter praksis). Lektorstudenter bør ev. få forlenget innleveringsfrist eller annen tilrettelegging hvis det er umulig å unngå kollisjoner mellom innleveringer/vurdering på disiplinemner og praksisperioder (og ikke etter individuell søknad). Studentene må få informasjon om kollisjonen og hvilken tilrettelegging som gis dem, ved semesterstart. Praksisadministrasjonen ved lektorsenteret må få informasjon om kollisjonene, da studenthenvelser om kollisjoner med praksis ofte kommer dit.
- Det skal ikke legges undervisning for lektorstudenter til praksisperiodene. Dersom det oppstår kollisjoner mellom undervisning og praksis så må det tilrettelegges for de berørte studentene med hhv videoopptak eller på annen måte, jfr. [mandatet for felles programstyre](#) og programledelsen på lektorprogrammene.

Oppsummering fra møteserie i februar -23 om kollisjonssikring av undervisning, vurdering og praksis i lektorutdanningen er lagt ved.

2. Vår 2024

Undervisning

Oppstart pedagogikk- og didaktikkemner: fra og med uke 2 (mandag er 8. januar)

Timeplaner på PED A-emner og praksisemner:

Det er faste undervisningstider for PED A102 og PED A123. Disse emnene bestilles før andre emner i timeplanleggingsystemet TP, og kollisjonssikres av Det psykologiske fakultet, basert på studentgruppene som ligger i TP. Studentgruppene i TP vedlikeholdes av fakultetene på hvert program.

Tabellen under viser tidspunktene for PED A102 og PED A123.

PED A102 følges av PPU-studentene i 2.semester av lektorutdanningen.

PED A123 følges av 5LU-studentene i 8.semester av lektorutdanningen.

PED A102: studentene følger begge seminartidspunktene.

PED A123: studentene fordeles på seminargrupper 1-4, etter program/studieretning. Psykologisk fakultet gjør denne fordelingen og kommuniserer med timeplanleggerne på HF, SV, MN hvilke tidspunkt som gjelder de ulike studieretningene/programmene.

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.15-10.00					
10.15-12.00				PED A 123; Seminar 3+4 PED A102 Forelesning	
12.15-14.00	PED A 123; Forelesning	PED A 102 Forelesning	PED A123 Seminar 1+2	PED A102 Seminar	
14.15-16.00		PED A102 Seminar			

Praksis

- PPUPRA102: uke 7-8, 10-12, 14 og mandag i uke 15. Resterende av uke 15 i reserve.
- LAPRA102 – MN: 30 dager i løpet av perioden uke 7-8, 10-12 og 14-16
- LAPRA102 – HF: 40 dager i løpet av perioden uke 7-8, 10-12, 14-16 og 1 dag i uke 17.

Eksamen

PPU: Uke 21 – 23 (tirsdag 21. mai – fredag 7. juni)

Pedagogikk

PED A102 (PPU): Innlevering 5. juni

PED A123 (5LU): Muntlig eksamen uke 22 + man-ons uke 23 (27. mai - 5. juni)

Fagdidaktikk PPU

- Muntlig: uke 22
- Innlevering: 22. mai
 - Unntak:
 - fagdidaktikkemner i realfag kan ha andre datoer (innenfor perioden uke 21 – 23)
 - DIDASAK2 skoleeksamen i uke 21 eller 22

Helligdager, fridager og andre viktige datoer

- Vinterferie i uke 9 (26. feb. - 1. mars)
- Påske uke 13 (25. mars - 1. april)
- 17. mai er en fredag
- Kristi Himmelfartsdag 9. mai
- Andre pinsedag 20. mai
- **Lærernes dag (tidligere Fagleg-pedagogisk dag)**

Fredag, 26. januar. (Dagen er ikke vedtatt å være undervisningsfri, men bidragsyttere må være obs på datoen og koordinere med sin egen timeplan. Det er formålstjenlig at lektorstudenter kan gå på arrangement denne dagen.)

- **Åpen dag**
Mandag 12. februar (ikke undervisningsfri, men mye aktivitet på kampus denne dagen)
- **Lektorutdanningskonferansen 2023:** 14.–15. februar
- **Fagkritisk dag:** Torsdag 7. mars (undervisningsfri)
- **Lektorseremoni:** 7. juni

VEDLEGG: Oppsummering fra møteserie om kollisjonssikring, februar 2023

Deltakere:

- fra lektorsenteret (LS): praksiskoordinatorer, adm. koordinator for lektorutdanningen og seksjonsleder
- fra Studieavdelingen (SA): TP-koordinatorer
- fra fakultetene (HF, MN, SV, PF): studiesjef, eksamens- og timeplansansvarlige, TP-ansvarlige, adm. koordinatorer for lektorutdanningen

Mål med møtene:

Informasjonsdeling, avklaring av roller, rutiner og verktøy/tiltak som kan bidra til bedre kvalitet i timeplaner og vurderingsplanlegging for lektorstudentene.

Forebygge kollisjoner mellom undervisning, vurdering og praksis for lektorstudentene innenfor de rammene studieplanene/modellen gir. Dette krever samkjørte rutiner og avklaring av roller og oppgavedeling mellom de involverte enhetene.

Oppsummering av hovedpunkter:

Generelle punkt:

- Studentene på lektorprogrammene må ivaretas på samme måte som studenter på disiplinprogram. Dvs. at de skal ha kollisjonsfri undervisning og vurdering på de emnene som inngår i deres studieplan. I semestre med praksis skal de ha kollisjonsfri undervisning og vurdering mot praksis.
- Semesterplanen for lektorutdanningen inneholder informasjon om tidspunkt for praksisperioder og PEDA-emner i lektorprogrammene og PPU. Semesterplanen fastsettes i januar og august og sendes til fakultet og institutt i lektorutdanningen. Alle som planlegger undervisning og vurdering for emner i lektorutdanningen må kjenne til og bruke semesterplanen for å forebygge kollisjoner.
- Lektorsenteret inviterer til felles info- og dialogmøte med involverte fakultet når semesterplanen er klar for påfølgende semester.

Vurdering:

- TP tas i bruk for planlegging av alle vurderingsdatoer fra og med 2023. Når vurderingsdato for alle emner legges i TP vil kollisjoner oppdages i tide og kan unngås.
- Dersom et fag/emne ikke klarer å unngå kollisjon med annen vurdering/emne eller praksis fordi tiden ikke går opp, må lektorstudentene som blir berørt få informasjon om kollisjonen ved semesterstart. Informasjonen må si hvilken tilrettelegging som gis. Studentene skal ikke behøve å søke om en slik tilrettelegging, siden tilretteleggingen ikke skyldes individuelle forhold hos studenten, men UiBs organisering.
- Rekkefølge for planlegging av vurderingsdatoer:
 - Skoleeksamener legges først og fordeling av datoer gjøres av SA pga. kabal med lokaler.
 - PEDA-emner (alle vurderinger) planlegges før andre emner. Legges i TP av SA, etter innspill fra PF og semesterplanen for lektorutdanningen.
 - Dato for andre skriftlige vurderinger planlegges også i TP i forkant av publiseringsfristene 1. juni og 1. desember.
 - Datoer for muntlig kan angis innenfor en periode innen publiseringsfristene (f.eks. ved å oppgi uke). Jo lengre periode/flere dager, desto vanskeligere å få kabalen til å gå opp for den totale vurderinger i matrisen/samme studentgruppe i TP.

Undervisning

- PEDA-emner har faste tidspunkt for undervisning. Tidspunktene for undervisning på PEDA- emnene skal ligge i semesterplanen for lektorutdanningen slik at tidspunktene er kjent for alle.
- PEDA- emnene har ett-to faste tidspunkt i uken for alle seminargruppene på et emne og mange seminargrupper som dermed har parallell undervisning, for å unngå å legge beslag på for mye av undervisningsuken.
- PEDA- emnene legger til grunn at seminargruppene har studenter som har ulik fagbakgrunn. For å minske kollisjonsproblematikken mot disiplin fag og exphil er det likevel ønskelig å koordinere studentfordelingen noe. Hvert av lektorprogrammene bør kun måtte kollisjonssikre mot ett sett av seminargruppene. PF må koordinere denne fordelingen i samarbeid med MN, HF og SV.
- Dersom et emne ikke klarer å unngå kollisjoner med annet emne i studieplanen til lektorprogrammet eller med praksis, må fak/inst planlegge hvordan emnet skal tilrettelegges for studentene som får kollisjon.

Tiltak kan være flytting av undervisning, egne undervisningsbolker for lektorstudentene, videoopptak, el.a. tiltak som gjør at studentene ikke fratras muligheten til å følge det faglige tilbudet. Studentene som er berørt må informeres om tilretteleggingen og praksisadministrasjonen ved lektorsenteret må få kopi av informasjonen.

Sak 48/23 Nytt frå praksisutvalet

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

Fagleg praksiskoordinator orienterer frå førre møte i praksisutvalet, planlegging av praksisseminar i september og det pågåande arbeidet med emneplanar for praksis.

Protokoll frå førre møte er lagt ved, men med merknad om at protokollen ikkje er godkjend enno.

VEDLEGG:

REFERAT FRÅ PRAKSISUTVALET 13.06.23

UNIVERSITETET I BERGEN

Lektorsenteret
Praksisutvalget

Arkivsaksnr.:2023/27

Møtet ble holdt den 13. juni 2023 klokken 14-16 i møterommet i 2. etasje, Langes gate 1.

Til stede: Hilde Selbervik (leder), Johan Lie (MN), Mona Langø (SV), Sissel Undheim (HF), Øyvind Wiik Halvorsen (IPED), Kristin Eikanger (Bergen kommune), Monica Håkonsli (VLFK), Merethe Foer (VLFK) Katrine Aske (studentrepresentant 5LU)

Forfall: Pia Fasmer (studentrepresentant PPU), Sigrid Thorsen Baarnes (studentrepresentant 5LU), Anne Sophie Krayou (SA), Aud Irene Mehammer (SA)

Sekretær: Hege Ekeland

I	23/27	GODKJENNING AV SAKSLISTE
II	23/27	GODKJENNING AV REFERAT Referatet ble godkjent
III		ORIENTERINGSSAKER Ingen orienteringssaker
Sak 05/23	13/1982	Evaluering av PPUPRA102 og LAPRA102 våren 2023 Studentene gir jevnt over positive tilbakemeldinger til praksis i skolen. 5LU-studentene melder tilbake at det er krevende med praksis og 30 studiepoeng i samme semester. Spørreskjemaet skal gjøres om fra høsten 2023.
Sak 06/23	22/2397	Læringsutbyttebeskrivelser for 100 praksisdager Det kom mange positive tilbakemeldinger til arbeidet som var gjort (sendt ut i forkant av møtet i sharepoint). Det ble fremhevet at det var en tydelig progresjon i praksis, god sammenheng og mange gode forslag til profesjonsdager. Matnats representant påpekte at fagvise profesjonsdager var et sterkt ønske fra matnat. Studentrepresentanter for 5LU spilte inn at fra studentens ståsted var det uheldig å ha profesjonsdager i 9. semester. Hun pekte på at studentene ikke ville få mulighet til å prøve ut det de har lært dersom dagene legges etter at all langpraksis er avsluttet. Profesjonsdagene om vurdering ble grundig diskutert ettersom enkelte mente at to dager om vurdering er for mye. Andre pekte på at vurdering er det studentene sier de føler seg minst trygge på i praksis, og dette er også noe lærere etterspør mer kompetanse i. Det ble argumentert for at UiB ikke kan ha ansvar for at studentene blir ferdiglært på campus, og at innføring i vurdering bør være et krav UiB stiller til skolene. I tillegg blir vurdering behandlet i de ulike didaktikkemnene. Til dette kom det

	<p>innvendinger om at et studentkull kan møte opptil 200 ulike veiledere, og at det derfor blir tilfeldig hvor god innføring studentene får i vurdering i praksis. Å ha fokus på vurdering på egne profesjonsdager gir derfor UiB en mulighet til å ligge foran ved å gi studentene trygghet, og å gi dem verktøy som gjør dem i stand til å endre vurderingspraksis når de kommer ut i yrkeslivet.</p> <p>Det var enighet om at uavhengig av tema, så må profesjonsdagene gi godt faglig utbytte, være av høy kvalitet, og plasseres slik at det er en naturlig progresjon og sammenheng med andre emner/tema. Utvalget var imidlertid litt urolige for at det vil bli krevende å utarbeide ti profesjonsdager, og det var derfor enighet om at vi beholder det som allerede fungerer. Temaseminarene om mobbing og ungdom i vanskelige situasjoner ble av den grunn foreslått å videreføres. Ettersom profesjonsdagene kommer til å bli store «arrangement» med opptil 200 deltakere er det uhyre viktig at ansvar og økonomi blir fastsatt så snart som mulig. Utarbeidelsen av de eksisterende temaseminarene har vist at det er arbeidskrevende både å planlegge og å gjennomføre så store seminar – det kan nærmest regnes som å planlegge en konferanse. Uavhengig av hvilke tema man til slutt vedtar må det være klart hvem skal ha ansvar for å utarbeide det konkrete innholdet for dagene, og for selve gjennomføringen. Matnat argumenterte for at fagvise profesjonsdager vil lette på mye av arbeidet.</p> <p>Praksisfeltets involvering ble også diskutert. Å legge noen av dagene til en eller flere skoler kan gjøre seminarne mer praksisnære. Enkelte skoler har auditorier, og det ble foreslått at aktiv deltakelse i profesjonsdagene kan bakes inn i de nye universitetsavtalene.</p> <p>Ellers var det enighet om at det er viktig at tema for dagene er dynamiske – det må sikres at det er mulig å gjøre endringer for å få inn tema som er aktuelle. Eksempelvis hadde «ingen" hørt om chatGTP før november 2022.</p> <p>I diskusjonen om profesjonsdagene kom det også opp forslag til alternative tema. Disse inkluderte de tverrfaglige temaene fra læreplanverket, skole- eller trinnovertakelse, og deltakelse på lærernes dag.</p> <p>Økonomi og ansvar</p> <p>Praksisutvalget besluttet ikke hvilke profesjonsdager som skal arrangeres og når i dagens møte, men det var stor enighet om at det snarest må komme rammer for hvem som skal ha ansvaret for å utarbeide og gjennomføre dagene, samt hvilke ressurser som er til rådighet.</p> <p>Emnebeskrivelser:</p> <p>I ny modell skal første kortpraksis inkorporeres i emnebeskrivelsen for pedagogikk, mens andre kortpraksisperiode skal inn i emnebeskrivelsene for fagdidaktikk. Dette ledet til en diskusjon om hvor rendyrket de to kortpraksisperiodene skal være opp mot henholdsvis pedagogikk og fagdidaktikk. Det var enighet om at forslaget i sakspapirene var et godt utgangspunkt for videre arbeid, men at det var behov for å endre noe av tematikken for 2. kortpraksisperiode, for å vinkle den bedre opp mot didaktikk.</p>
--	---

	<p>I ny modell er det ønskelig at studentene skal ha en mer aktiv rolle enn den studentene har i KOPRA101. Det er viktig å sikre at studentene får føle på lærerrollen allerede i sin første praksiserfaring, og det er derfor foreslått at studentene skal ha ansvar for en læringsaktivitet i første kortpraksisperiode. Dette var det enighet om.</p> <p>Innretningen på den nye modellen ligger opp til at pedagogikk ikke skal involveres i andre kortpraksis, men det kan bli vanskelig når studentene kommer ut i skolen. På den andre side gir dette en mulighet for å synliggjøre forskjellen mellom pedagogikk og didaktikk.</p> <p>Som følge av at 2. kortpraksis skal bakes inn i mange ulike emnebeskrivelser er det viktig at alle fagmiljø forholder seg til at læringsutbytte og vurderingskriteriene for praksis skal være like. Det må påses at det ikke blir betydelige forskjeller i arbeidskravene og innholdet i praksis, utover det som er naturlig med tanke på at studentene skal ut i ulike fag. I det videre arbeidet er det hensiktsmessig å se til eksisterende emnebeskrivelser for KOPRA102 og KOPRA103, så vel som forslaget utarbeidet av lektorsenteret (sakspapirene).</p> <p>Utforming</p> <p>De nye emnebeskrivelsene (der kortpraksis skal inkorporeres) bør være så like i utforming som mulig. Det som omhandler praksis må komme klart frem, ettersom beskrivelsene også skal være et verktøy for praksisveilederne.</p> <p>En måte å løse dette på er at emnebeskrivelsene blir todelt, for på den måten å synliggjøre hva som gjelder praksis og hva som gjelder didaktikk. At ikke alle fagmiljø er kommet like langt i prosessen med å utarbeide forslag til nye beskrivelser gjorde det vanskelig å bestemme seg for en mal i møtet. En annen kompliserende faktor er at enkelte fagmiljø har sett seg nødt til å slå sammen fagdidaktikk for fag 1 og for fag 2. (Altså at emnebeskrivelsen skal gjelde både kort- og langpraksis). Løsningen blir trolig å lage en A og B versjon av emnebeskrivelsene.</p> <p>Videre prosess</p> <p>Praksisutvalget må jobbe for å lande på et omforent forslag til innhold og plassering profesjonsdager og praksis innen praksisseminaret den 5. september. Dette forutsetter at det gjøres forarbeid før praksisseminaret, og medlemmene må tilbake til sine respektive fagmiljø for å diskutere profesjonsdager, og hvordan praksis skal plasseres inn i pedagogikkemnet og didaktikkemnene på hhv 1. og 2. kortpraksisperiode. For å kunne presentere et bearbeidet opplegg den 5. september, må medlemmene i praksisutvalget sende innspill til profesjonsdager og emnebeskrivelser innen 29. august. Disse sendes til sekretæren for praksisutvalget.</p> <p>Praksisutvalget møtes uken etter praksisseminaret den 5. september for å fortsette arbeidet med profesjonsdager og emnebeskrivelser.</p>
	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker til eventuelt.</p>

Sak 49/23 Ny studieforskrift ved UiB

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 7. september 2023

ephorte: 23/206

15.06.23 vedtok Universitetsstyret [ny studieforskrift](#), med verknad frå 01.01.24. Dette gjer det naudsynt å gå igjennom dei [utfyllande reglane for lektorutdanninga](#) for å sjå om den treng reviderast i tråd med ny studieforskrift.

I denne samanheng har lektorutdanningsadministrasjonen (LUA) oppretta ei arbeidsgruppe som skal kartlegge ev. behov for justeringar og/eller endringar i utfyllande reglar for lektorutdanninga. Arbeidet med dei utfyllande reglane må sjåast parallelt med utfyllande reglar på fakulteta og det må avklarast om det er saker som fakulteta ynskjer eigne reglar for i sine program. Desse bør i så tilfellet ha ei fagspesifikk grunngjeving.

Arbeidsgruppa sitt kartleggingsarbeid vil gi grunnlag for revisjon av utfyllande reglar for lektorutdanninga. Utkast vil bli lagt fram for felles programstyre seinare i semesteret.